

NOTAT

Utarbeidet av: Agnete Hndugland

Dato: 14.01.2015

Tema: Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane - søknad om tilskot(FTU) - ref.2014/14645

Vedlegg til søknad om tilskot.

Fartsreduserande tiltak, Kuvågvegen.

Kommunal veg med høg fart, sjå vedlagte målingar. Det er mykje gangtrafikk då undergang bustopp E 39 kjem rett ut i vegen. Bebuarar ynskjer fartsreduserande tiltak.

VURDERING AV TRONG FOR FARTSDEMPANDE TILTAK

<i>Vegnr</i>	<i>Hp</i>	<i>Km</i>	<i>Fartsgrense</i>	<i>Stad</i>
Kv 1051	1	0,796	30 km/t	Auredalen

Vurderinga er gjort i samsvar med Statens vegvesen si handbok 072 «Fartsdempande tiltak».

Skildring:

For å vurdera trongen for fartsdempande tiltak, har det vore gjort fartsmålingar i perioden 29.09-12.10-2015. Utskrift av målingane er lagd ved.

Vurdering:

Definisjon:

85 %-fraktilen = den fart som 85 % av kjøretøya kjører under, eller uttrykt på ein annan måte: den fart som vert overskriden av 15 % av kjøretøya.

Grunnlag for vurderinga er at 85 % (85%-fraktilen) av førarane av lette kjøretøy skal velja å halda ein fart lik fartsgrensa eller lågare. Viss 85%-fraktilen vert overskride med meir enn 5 km/t over fartsgrensa, bør det innførast fartsdempande tiltak.

I dette aktuelle tilfellet ligg gjennomsnittsfarten på 41-42 km/t og 85%-fraktilen på 48-49 km/t.

Konklusjon:

Det er trong for fartsdempande tiltak.

Veglys Mobergshaugane.

Her er det etablert veglys på annakvar stolpe, slik det ofte vart gjort før.

Det er og fleire strekk som har behov for fleire stolpar. I samband med bytte av kvikksølv armatur ønskjer Os kommune å supplera med fleire lampar og evt. Stolpar for å betra tilhøva for dei mjuke trafikantane.